

HELSING TIL 150 ÅRS JUBILEET FOR MELAND KYRKJE:

Kyrkja står høgt hjå Melandbuen. I helg og høgtid, i glede og sorg har dei kome til Guds hus. Det levande Gudsordet akta dei høgt. Mange lever nok kvardagen med eit forsiktig forhold til det. Men djupt inne hjå dei dei fleste har det vore og er ei overtyding om at det er i Guds hus den eigentlege sanninga lyder. Difor har dei vørnad for kyrkja.

Dette har dei synt i sin vilje til å ta vare på kyrkjehuset og halde det fint både ute og inne. Pengar er løyvde og gåver er gjevne. Alt fordi dei ser opptil Han som er kyrkja sin Herre.

Gjennom generasjonar har klokkene kalla folk inn til møtes med den levande Gud. Mange let seg kalla og kom. Slik fann dei heimatt til Farshuset.

Det er mitt ønskje og bøn for folket i Meland som eg er vorte så glad i at mange skal finna den opne døra inn til Faderen og gå inn gjennom den.

Eg var heldig som fekk vere prest her i soknet i 13 år. Kveik og styrke har eg funne i gudstenesta i lag med trugne trussøsken.

På serlege dagar og i høgtidene kjem det mange til Meland kyrkja. Men på dei vanlege søndagane hadde det vore plass til mange fleire.

Kvar søndag føregår det eit kyrkjeval om kyrkja si framtid i Meland. Dette valet er vi med på anten vi er klar over det eller ikkje. Mitt ønskje for Meland er at det ikkje vert heimesitjarane som avgjer valet!!

Det er grunn til å minne oss alle om at kyrkjegang er både ei plikt og eit privilegium. Fordi Gud har gitt oss søndagen som samlingsdag og gudstenesta til feiring av Herrens dag.

Tenk kva vitnesbyrd det ville vore i lokalmiljøet med ei fullsett kyrkje kvar søndag!

Helge Hitland